Fosses Bilkosmetikk
Spjotøyvegen 70
5955 LINDÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:YG4R6I-Skjemanr.:3941<br>Vår: 22/5529 - 23/13171 | Linda Hammersvik Folkestad<br><br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 23.02.2023 |

# Etterlyser tilbakemelding på mangelbrev søknad for utslepp av oljehaldig avløpsvatn - gbnr 113/21 Sjurset

Vi viser til vårt brev av 08.07.2022 der vi ber om supplerande dokumentasjon på innsendt søknad om løyve til utslepp av oljeholdig avløpsvatn – Gbnr 113/21 Sjurset.

Vi kan ikkje sjå å ha fått tilbakemelding på vårt brev. I brevet har vi etterlyst følgjande dokumentasjon:

1. Ny søknad om utslepp av oljeholdig avløpsvatn.
   Søknad skal sendast inn av røyrleggar eller entreprenør med godkjent kompetanse (skal legge ved dokumentasjon på dette).

   Med søknad skal det leggast ved berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg. Nedbørsintensitet for Bergen skal leggast til grunn ved berekning av utvendig areal som skal førast på anlegg. Alt areal som kan føre overvatn til anlegg må takast med i berekninga. I berekningsgrunnlaget skal ein også gje opplysningar om alt utstyr har tenkt å nytte.

2. Det må sendast inn situasjonsplan (VA-kart) som viser kor ein har tenkt å føre utslepp frå anlegg. Det må leggast ved ei kort beskriving på korleis ein har tenkt å løyse dette.

3. Tiltaket vil medføre ei vesentleg endring av eigedomen sitt vassforbruk. Tiltaket utløyser krav om søknad om endring av godkjent tilknyting. Røyrleggar må sende inn søknad på dette. Skjema ein skal nytte er KF-570.

4. Dersom bustadtomt skal nyttast til næring, må ein søkje om bruksendring av eigedom.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fosses Bilkosmetikk | Spjotøyvegen 70 | 5955 | LINDÅS |